

# Møte i fylkesbiblioteksjefskollegiet

Tidspunkt: tysdag 7. mars 2023, klokka 12 – 14. Ansvar Innlandet.

Stad: Teams

Til stades: Hildegunn Hestnes (Trøndelag), Heidi Hovemoen (Viken), Mette Kristin Gjerdrum (Vestfold og Telemark), Tone Nyseter (Innlandet), Birgit Larsen (Troms), Sunniva Knutsen (Finnmark), One Marthe Jostad Vik (Møre og Romsdal), Nina Stenbro (Agder), Anita Munch Kulset (Nordland), Britt Ellingsdalen (Rogaland), Knut Skansen (Oslo), Elin Golten (Vestland)

Forfall:

Møteleiar: Tone Nyseter

Referent: Vestland

	<b>Sak</b>	<b>Kommentar</b>	<b>Innmeldt av</b>	<b>Oppfølging / referat</b>
1	Nasjonal bibliotekstrategi – revisjon  12-12:20	Godkjenne innspelsnotat frå kollegiet	AU	Leselystmidlar: Britt orienterte om framlegg til felles innspel frå kollegiet om leselyst, både generelle innspel og 7 framlegg tiltak. Diskusjon og endringar. Endeleg notat blir levert NB.
2	Nasjonal bibliotekstrategi – revisjon  12:20 – 12:30	Leselyststrategi 5 ekstra mill.  Avklaringar frå NB	AU  Invitert: Svein Arne Tinnesand	Avklaringar frå NB ved Svein Arne rundt revidert bibliotekstrategi og samanheng med leselyststrategi:  Revisjon av nasjonalt bibliotekstrategi jf. oppdragsbrev. 5 mill. til revidering/ tiltak for leselyst. I ferd med å utforme eit forslag til korleis NB ser endringar, som er klart ca. veke 13. Skal opp i Strategisk råd. Vedtak blir gjort i departementet.

				<p>Foreslår at strategiperioden heldt fram eit år til. Statistikk viser at i 2023 er utlån og besøk i biblioteka neste tilbake på 2019 nivå, etter lågare tal under pandemien. Behov for meir tid sidan oppdraget vart gitt med utgangspunkt i statistikk før pandemien. Forventning om tre rundar med ekstra midlar til leselyst.</p> <p>Bedt i møte med statssekretæren om å spele inn tiltak ut over dei 5 mill. basert på kva biblioteka treng.</p> <p>Venter oppdragsbrev frå departementet om når leselyststrategi skal setjast i gong. Ikkje meir kjennskap til innretning.</p>
3	<p>Digital infrastruktur i folkebibliotek</p> <p>12:30 – 12:50</p>	<p>Utgangspunkt i notat til fylkeskulturdirektørane :</p>	<p>AU</p> <p>Invitert: Svein Arne Tinnesand</p>	<p>Britt orienterte om hovudpunkt i notatet «Digital infrastruktur for folkebibliotek» som er utarbeidd på oppdrag frå fylkeskultursjefkollegiet. Notatet er levert til fylkeskultursjefkollegiet og NB.</p> <p>Folkebiblioteka treng å styrkast på digitale tenester/digital infrastruktur. Ujamne tenester og uklare ansvarsforhold mellom nivåa i biblioteksektoren. Notatet peiker på at løysinga er nasjonal infrastruktur i Bibliotek24.</p> <p>Svein Arne: Utfordringa er både finansiering og organisering, og kva rolle NB skal ha. Har lest dokumentet med stor interesse. NB meiner dei kan spele ei rolle i dette. Blir ein del av kommunikasjonen med departementet om oppfølging av strategien. Avgrensa korleis utviklingsmidlar/ tippemidlar kan nyttast. Neste strategisk råd vil sjå på andre måtar å møte behovet som ligg i sektoren. Ei spleiseløysing kan vere aktuelt. Stort sett einige i konklusjonar i analysen i notatet. Eit godt og interessant dokument som gjev mykje i</p>

				<p>arbeidet vidare om dette. Innspela frå NB vil vere interne fram til dei er levert til departementet, som er den instansen som tek endelege avgjerder.</p> <p>Heidi: Er tippemidlar konstante eller kan ein melde inn behov for ekstra midlar? Svein Arne: Forheldt seg til midlar gitt frå departementet. Det politisk presset mot statsråd må kome frå andre.</p> <p>Britt: I tillegg til midlar så treng vi å snakke saman mellom forvaltningsnivå. Her er det potensiale for betre kommunikasjon for å finne felles løysingar.</p> <p>Knut: Takk for positive tilbakemeldingar. Oslo har løfta saka inn til departementet. Stor interesse og bedt om meir informasjon. Øver også press innad i eigen kommune.</p> <p>Svein Arne: Notatet vil synleggjere behovet for midlar. NB forheldt seg elles til dokument tildelt frå departementet, t.d. tildelingsbrev og strategi.</p>
4	Regionale og nasjonale tilskotsordningar for bibliotek  12:50 – 13:00	NB spør om det er aktuelt å sjå regionale og nasjonale tilskotsordningar i samanheng	AU  Invitert:  Svein Arne Tinnesand	<p>Svein Arne orienterte: På neste strategiske råd vil ein sjå om det er andre måtar å rigge midlane til NB på for resten av strategiperioden. Moglegvis lettare å tenke samordning etter at dette er gjort. Vurderer berre ein søknadsfrist for fleire typar midlar.</p> <p>Mogleg med endringar på fasong og storleik på søknadsmidlar allereie frå hausten. Samordne søknadsfristar og ev sjå etter at ikkje tema kolliderer. Felles ønskje om å få mange og gode søknader.</p>
	13:00 – 13:10	Pause		
5	Bibliotekkampanje 2023	Prosjektgruppa legg fram prosjektplan	AU	Silje Stener orienterte om arbeidet med bibliotekkampanjen:

	13:10 – 13:20		Silje Stener presenterer	<p>Alle fylka deltek. Arbeidsgruppa har utarbeidd ei prosjektskildring. Ei utfordring korleis ein kan måle effekt. Førebud og val av byrå. Det blir både fysisk og digital kampanje. Prosjektet går ut året.</p> <p>Utfordring med stram tidsplan, men viktig for å setje biblioteket på den politiske dagsorden før valet. Kampanjestart før sommaren. Eigarskap og forankring er viktig, særskilt for spreiding av info. anbefaler at kampanjen er sak på samlingar for bibliotektilsette fram mot sommaren.</p> <p>Vi set tema opp att på neste møte i kollegiet for å diskutere saka. Også mogleg å sende spørsmål og innspel til arbeidsgruppa på e-post.</p> <p>Mette: Viktig å vere tidleg ute med å ta kontakt med kollektivtransport ang reklame der. Birgit: Viktig å bli orientert om tidspunktet for kick off i god tid. God ide med referansegruppe. Viktig å få sett opp tids- og aktivitetsplan for biblioteka si involvering dersom dei skal ha ei aktiv rolle.</p>
6	Kurs og kompetanse – samarbeid med NB  13:20 – 13:30	Oppfølging av AU sitt møte med NB om FiF 19.01.2023	AU  Invitert: Kristin Storvig	<p>Kompetansebanken:</p> <p>Kontakt med NB, venter på programmering og utvikling av denne. Notat klart knytt til rutinar etc. når det gjeld kompetansehevande tiltak. Ikkje jobba så mykje med innhaldet no etter jul. AU vil bli heldt orientert. Må ligge tett opp til mandatet til e-læringsgruppa.</p> <p>Mandat for ressursgruppe for e-læring: Skal kunne gje rettleiing til kursprodusentar i oppstartsfasen, gjennomføring og ferdigstilling av nye kurs. Rettleiinga kan handle om oppbygginga av nettkurset og/eller teknisk utforming. Ved behov kan gruppa gje innspel på det faglege innhaldet eller setje kursprodusenten i kontakt med andre som har den</p>

				<p>naudsynte kompetansen. Dersom det blir behov for ny funksjonalitet i kursplattforma vil ressursgruppa ta dette vidare med NB. Kan initiere utvikling av nye kurs, anten ved å leie utviklinga sjølv eller oppfordre eksterne ressurspersonar til å stå for produksjonen. Ressursgruppa skal følgje med på kva som blir produsert av fysiske og digitale kurs innan bibliotekfeltet, og skal kunne identifisere områder der det er behov for ytterlegare kompetanseheving.</p> <p>Mette: Behov for å klargjere ressursgruppa sitt mandat i forhold til kompetansebanken.  Kristin: Misforståingar i starten. FiF-gruppa oppfatta ikkje at dei gjekk inn i same rolla, men såg ressursgruppa som ein naudsynt ressurs. No er det god dialog mellom gruppene for vegen vidare. Det er i ressursgruppa at kompetansen sit for utvikling av nettkurs.</p> <p>Britt: Er det sett tidspunkt for når kompetansebanken bli realisert?  Kristin: Eigentleg september 2022, men har blitt ein større sak som del av nettstaden til bibliotekutvikling.no. Har derfor tatt lengre tid. Uklar tidsskildring frå NB si side, priggitt dei som finansieringskjelde. Må vente med å lage plan for fylkesbiblioteka sin bruk av banken til ressursen er klar.</p> <p>Britt: Foreslår at vi ser på ressursgruppa for e-læring og alle slike grupper for å få oversikt over og styring på gruppene.</p>
7	<p>Statistikk-rapportering</p> <p>13:30 – 13:35</p>	<p>Moglegheit for felles møte for dei som arbeider med statistikken?</p>	One	<p>Dei som arbeider med statistikk i Møre og Romsdal ønsker kontakt med dei andre fylka for å diskutere korleis ein rapporterer. Det ser ut som om fylkesstatistikken blir rapportert ulikt. One Marthe sender ut e-post med invitasjon til å melde seg inn i ei slik gruppe. Vi andre følgjer opp på e-post.</p>

	<p>Digin</p> <p>13:35 – 13:45</p>	<p>Korleis ligg det an med orientering om selskapsavtala?</p> <p>Enn om fylkestinga ikkje er interesserte i å opprette eit IKS?</p>	<p>Britt</p>	<p>Styringsgruppa har laga ein strategi som forklarar prosjektet. I fleire fylke er det utfordringar med IKS som form, t.d. Viken og Innlandet.</p> <p>Mette: Prosjektgruppa har kome fram til at IKS er ei god løysing med støtte av rådgjevar i Vestfold og Telemark + styringsgruppa. Mogleg for Trygve å kome med munnleg orientering om saka, berre ein bestiller det i god tid.</p> <p>Kjell: Nyttig at Trygve orienterte i fylkesrådet om saka.</p> <p>Britt: Vedtakssak i Rogaland. Behov for IKS dersom prosjektet skal realiserast. Husk at det er lite risiko i saka, med avgrensa midlar.</p> <p>Nina: Orientering og varsel om at det kjem ei sak i Agder.</p> <p>Knut: IKS er sak for bystyre, delte meiningar om IKS.</p>
8	<p>Fylkesbibliotek-samling 3.-4. mai</p> <p>13:45 – 13: 50</p>	<p>Trøndelag presenterer programmet</p>	<p>Hildegunn</p>	<p>Hildegunn orienterte om forslag til program for fylkesbibliotek-samling 3.-4. mai. Prinsen hotell skal ha arrangementet, overnatting på nabohotellet. Begynner med lunsj 3. mai.</p>